



Møtereferat: Årsmøte i Syltøy Grendalag 2025

Dato: 18.02.2025

Til stades: 24 medlemmar inkludert styre, revisor og valgkomite

Sak 1: Valg av møteleiar og referent

- Møteleiar: Camilla Ianke
- Referent: Svein Syltøy

Sak 2: Valg av 2 representantar til å underskriva referatet

- Leif Gunnar Vindenes og Lars Atle Lillebø
- Camilla gjekk kjapt gjennom dei viktigaste paragrafane i vedtektene som gjeld for årsmøtet (stemmerett mm)

Sak 3: Årsmelding 2024

- Dei viktigaste punkta frå årsmeldinga vart gjennomgått
- Generelt: Høg aktivitet, stor dugnadsvilje, fjerning av lager på kjøkkenet, oppgradering av lager rom ved sida av elektrisk rom, utbedring av «gavla veggen» (ny bordkledning/maling), høstmesse, adventskafe, jonsokfeiring, feiring av «35 årsdag» mm. Styret takka for innsatsen til alle som har bidratt.

Sak 4: Regnskap 2024

- Gjennomgang av reknskapet for 2024 viser omtrent samme resultat som fjoråret. Litt under på ein del postar men over på andre. Adventskafeen er som tidlegare den største inntektskjelda. Laget har også fått gode tilskot frå ulike aktørar, spesielt kan nevast Sparebanken Vest og kommunen. Midlane er oftast øremerka til særskilte formål.

Vedtak: Regnskapet vart godkjent som fremlagt.

Sak 5: Budsjett for 2025

- Styret foreslår fleire «investeringar»/oppgraderingar. Spesielt kan nevast utbedring av taket på uthuset, oppgradering av kjøkken og toalett, maritim satsing for barn og unge (øremerka midlar) mm.
- Det kom også forslag om at «høst turen» vert jobba meir med. Folk utanfor styret må vera med og foreslå eit «opplegg» for arrangement, helst med fleire alternativ slik at ikkje alle treng å «gå opp på ein høg fjelltopp». Viktig å sjekka interessa på førehand slik at ikke det vert lagt ned uforholdsmessig mykje arbeid for noko som kanskje blir kansellert. Det kom innspel om både båt tur i

Øygarden (f. eks. til Eldsfjellet) og turar med varierende vanskelighetsgrad på Geilo.

- Vedtak: Framlegg til budsjett for 2025 vart godkjent utan endringar.

Sak 6: Forslag til endring av vedtektene.

- Styret foreslo å gjera ei tilføyning i vedtektene ref. formålsparagraf §1:
«Føremålet med Syltøy grendalag er å ta i vare felles interesser for innbyggjarane på Syltøyna og Risholmen. Styret kan samarbeida med andre lag og institusjonar i saker av felles interesse. Grendalaget er politisk nøytral.
«Styret skal vidare arbeide for å ivareta nødvendig drift og vedlikehald av grendalaget sin bygningsmasse og uteareal»
- Vedtak: Setning i utheva skrift vert lagt til i §1 som foreslått.

7. Andre saker/forslag


- **Utbetring av snuplassen på Syltøy**
Styret kontaktar kommunen/fylke for å få utbedra skaden på sjølve rundkøringa. Det skal vidare vurderast å reparera båten eller evt. vurdera andre alternativ.
- **Postkasse stativ**
Nokre postkasse stativ byrjar å bli nedslitne. Grendalaget vil påkosta materiell til oppgradering mens arbeidet vil bli utført på dugnad av dei einskilde husstandane som nyttar det enkelte stativet. Det er ei forutsetning at det blir på samme «mal» som vi allerede har.
- **Kurs**
Det vart forespurt om kurs i f. eks. førstehjelp og livredning. Styret ser på dette.

8/9. Valg/valkomiteen si innstilling til styret

Komiteeen si innstilling blei vedteke som foreslått. Dette inneber fylgjande endringar for 2025:


- Heidi Syltøy erstattar Tor Einar Bendixen i styret
- Ole Bernhard Syltøy erstattar Leif Gunnar Vindenes som vara rep.
- Tor Einar og Leif Gunnar (begge avtroppande styremedlemmer) blir valkomite for neste år.

Signatur:



Leif Gunnar Vindenes

Signatur:



Lars Atle Lillebø